

# KYRKJEBLADE

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

SEPTEMBER 1986

40. årg.

### Elevar frå Menighetsseminaret



Både Dale og Vaksdal får praktikantar frå Menighetsseminaret dette året. Det ser ein fram til på båe plassar. Her vil vi gje ein kort presentasjon, og ynskja dei både vel møtt og lukke og signing i tenesta!

RUNE SIMONSEN

Rune er 19 år. Han kem opphavelig frå Oslo, men har budd mesteparten av livet sitt i Bergen, så han kjenner øg som bergenser, seier han. Han vil koma til Vaksdal 1. september. Då vil han ha 3 **studiedagar pr. veke** i Bergen, og 2 dagar med praksis her på Vaksdal.

Han fortel at han har vore aktiv i kristent arbeid i Bergen, m.a. i bibelgruppe, ten-sing og eit kristent fellesskap. Men han har ikkje vore med å driva direkte kyrkjelydsarbeid. Framtidsplanane er å driva med media. Så dette året på Menighetsseminaret ser han på som litt luksus, men trur og det kan vera nyttig å ha med som bakgrunn i eit seinare yrke. På spørsmål om kva for forventningar han har til arbeidet på Vaksdal, svarar han at han vonar det vert allsidig arbeid og mykje å gjera. Han ser fram til å koma hit, og trur han vil få det bra. Han er vant til å trivast der han er.



MARITA SIVERTSEN

Marita er 20 år, og kjem frå Lødingen. Ho skal arbeide på Dale i praksisperioden sin. Og på same måten som Rune skal ho ha 3 studiedagar pr. veke i Bergen og 2 praksisdagar her hjå oss. Ho fortel at ho har vore aktiv i kyrkjelydsarbeid sidan ho gjekk i ungdomsskulen, - både med ungdomsklubb, leiarar og konfirmantarbeid. Siste året var ho l-åring for Ungdomsforbundet i Hønefoss. Dette var kan hende det beste året ho har hatt, og denne erfaringa er grunnen til at ho no skal gå på Menighetsseminaret. Ho vil gjerne halda fram med kyrkjelydsarbeid, og då vil dette året gje henne teoretisk bakgrunn i tillegg til den praksisen ho har frå tidlegare.

Forventningane til dette året er store. Marita seier at ho likar særskilt godt å arbeide i ein kyrkjelyd. Samstundes gler ho seg til å gå på skule att og til å oppleve fellesskap med andre i same situasjon. Bergen er ukjend for henne, ho skal bu på ein ny plass og ein ny hybel. "Eg må vedgå at det kriblar litt i magen", seier ho.

### Søndagsskulen

Ja, no er det snart tid for å byrja søndagsskulen igjen.

Kva er det vi gjør der, då? er det kan hende nokon som spør.

Kvar er det søndagsskule? spør kan hende nokre andre.

Jau, no skal du høyra. På søndags-skulen samlast vi kvar søndag frå kl. 10.00 til kl. 11.00. Det er barn i ulike aldrar som kjem saman med voksne leiarar. Vi kjem til søndagsskulen for å høyra om Jesus, frelsaren vår. Vi syng saman, og høyrer frå Bibelen.

Er eg slik at eg kan fylgja Jesus, då? Ja, det er du! For veit de, Jesus

spør aldri etter kva du er eller har vore. Han seier: Kom til meg!

Jesus elsker alle barna, alle barna på vår jord.

Rød og gul og hvit og svart er idet samme har han sagt!

Ja, de er hjarteleg velkomne, store barn og små barn, dei aller minste kan ha foreldra med seg.

På Dale har vi søndagsskule i Forsamlingshuset, oppe i småsalen. Det er og søndagsskule mange andre plassar i prestegjeldet vårt. Spør deg for i kyrkja!

Helsing leiarane i søndagsskulen på Dale,

Ottar Dalseid.

orda, for det  
r ved Jerusa-  
il den store  
kal du sver-  
u kan ikke  
eller svari.  
it nei vera  
det, er av

6.29-30)

luga for  
Men eg  
tot den  
im no-  
let, sa  
okon  
så lat  
okon  
han  
snu  
av

5)

Fader  
'Når  
opp c  
trur a  
brukar  
dei! Fa  
de bed  
såleis:  
Fader  
du  
Lat n  
"Lat r  
Lat vi  
så so  
"Gjev os  
"Forlat o  
som vi d  
våre s  
"Før oss i  
"

<sup>3</sup> Den siste delen  
ta i gudstenesta,

23,5 6,5 Luk  
6,10 26,42  
2 Tess 3,3

2,14 6,19 Jak

1,13 ff 5,8  
6,12 Sal 32,5; Dan 6,11

6,14 Mark 11,25; Mat 18,21 ff; Ef 4,32

6,20 19,21 Kol 3,13

6,24 Luk 16,13; I Kong 18,21

Ære av menneske - ære av Gud

MATTEUS 6

6 Akta dykk at de ikkje gjer dei gode gierningane dykkar for augo på folk, så dei skal leggja merke til det. Då får de inga løn hjå Far dykk i himmelen. <sup>2</sup>Når du gjev til dei fattige, så blås ikke i basun om det, som hyklarane gjer i synagogene og på gatene, så folk skal rosa dei. Sanneleg, det seier eg datt.

men frels oss frå det onde, [For riker er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.]

<sup>4</sup>For om de tilgjев andre menneske den urett dei gjer mot menneske skal Far dykkar i himmel.

7

## RIKET KOMMER

De er rike, de som har Guds rike! Tenk å få høre med i Guds rike. Tenk å få et hjemland å få reise til når dette livet er slutt. Det er en av de tingene vi ber om i Fader vår: Komme ditt rike, eller: La ditt rike komme. Vi ber om at mange må få evig liv, at mange flere må henvende seg til Gud.

Du og jeg er en del av svaret på den bønnen. Når vi har sett hvor glad Jesus er i oss, kan vi vel ikke fortsette å være bitre på andre? Merker vi bitterheten og misunnelsen, kan vi føye til i bønnen: La ditt rike komme også i mitt liv.

Men så var det sykdommen, da. Skulle ikke "La ditt rike komme" også bety at Gud tar bort sykdom? Er det ikke et tegn på dårlig kristentro hvis en ikke blir frisk? NEI NEI. Selvsagt kan Gud helbrede. Men da gjør han det av nåde, og ikke fordi jeg var så flink til å tro eller be. Å tro, det er å fortelle Jesus hvordan en har det. Mer tro går det aldri an å ha. Men da kommer Guds rike. Da kommer ordene om vårt hjemland i himmelen. Og da kommer ordene om Se jeg er med dere alle dager, onde dager og gode dager, like til verdens ende.

Øyvind Hartberg

Årsord for pengar, gods og rikdom, lagd til då bøna vart  
6,13ff 5,8; 6,12 Sal 32,5; Dan 6,11  
6,7 Fork 5,1 6,9 3 Mos 22,32; Esek  
Ef 4,32; Kol 3,13 6,15 18,35 6,13 Mark 14,38; I Kor  
6,24 Luk 16,13; I Kong 18,21

# - om gudstenesta (2)

## Syndsvedkjennings

Ho kjem først i gudstenesta, like etter den første salmen. Det har si gode årsak. Dårleg samvit skal ikke få øydeleggja gudstenesta for oss. Di raskare vi får gjort opp med Gud, di betre er det.

Å vedkjennast syndene sine vil seia at vi vedgår det gale vi har gjort og bed om tilgjeving for det.

Gud tolererer ikke synd. Kan vi då koma til gudstenesta når vi har synda? Ja, vi kan gjera som den bortkomne sonen. Vi kan koma heim til

huset til vår far og seia: Eg har synda mot deg.

Då vert vi tekne imot av ein Gud som tilgjev oss for Jesu skuld. For "dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd."

Og så kan vi glede oss over resten av gudstenesta. Vi er komne heim!

KANO

## Frå kyrkjebøkene

### Vigde



#### DALE

15.07. Per Arne Lid og Ann Marit Mehus

### Døypte



#### BERGSDALEN

10.08. Tomas Solhaug

#### VAKSDAL

13.07. Annemaj Grindheim

### Avlidne



#### DALE

03.05. Ingeborg Thunestvedt f.1897  
14.07. Martin Alvheim f.1902  
18.07. Magnus Teigen f.1915  
02.07. Kari Buvik f.1913

#### STANGHELLE

17.07. Margit Eikefet f.1919

#### EIDLSDAL

28.06. Ingebjørg Myster f.1892

#### VAKSDAL

22.06. Johan Bernes f.1907  
10.07. Ingeborg Ulveraker f.1892



# Vi ønsker oss...



## **Stamnes kyrkje 125 år**

Søndag 21. september vert kyrkjejubileet feira med festgudsteneste, der prost Østtvit preikar. Etter festgudstenesta held feiringa fram med festmøte på bedehuset.

Ein reknar med at det har vore kyrkje på Stamnes heilt frå kong Øystein si tid, det vil seia fyrste delen av 1100-talet. Stamnes er såleis den eldste kyrkjestaden i kommunen. Den fyrste kyrkja var ei stavkyrkje. Den kyrkja som no skal feirast, er den tredje i rekkja. Ho er bygd på same staden som dei to andre.

KANO

## **Du er hjarteleg velkommen**

til møte i Dale kyrkje kvar kveld kl. 19.30 frå og med tysdag den 9. september til og med søndag den 14. september no i haust. Sekretær Leif Nesheim frå Nordhordland Indremisjon talar om Jesus Kristus, frelsaren, forsonaren og fredsfyrsten som vi alle treng å høyra om no midt i vår urolege og farlege tid etter Tsjernobylulukka. Laurdag vert det ungdomskveld. Ungdomskora Ungdomsvarden og Unge Kristne frå Osterøy vert med under møta, og Dale Mannskor syng på onsdagskvelden. Siste kvelden vert det avslutting med gudsteneste og nattverd ved res. kap. Kjell Arne Norum medan Leif Nesheim held preika. Merk at denne gudstenesta tek til kl. 19.00.

Inge Christian Meidell

## **Til alle i Bergsdalen!**

De får og vitjing av ein gild kar frå Nordhordland Indremisjon i haust. Når de er ferdige med sauesankinga i fjellet, kjem Audun Hjelvik og held møte og talar om Jesus Kristus i Bergsdalskyrkja kvar kveld sannsynleg vis kl. 15.00. Ungdomskoret Refleks frå Voss med leiaren pastor Ragnar Tesdal har sagt seg viljig til å vera med på nokre av møta. Fyrste møte vert tysdag den 7. oktober. Møteveka vert avslutta søndag den 12. oktober. **DE ER HJARTELEG VELKOMNE!** Sjå nærmare etter i kunngjeringane i lokalpressa!

Inge Christian Meidell

## **Syng med oss!**

Det går mot haust, og dei faste aktivitetane tek til att. Her nemner vi:

**STAMNES UNGDOMSKOR**  
Øvingane tek til fredag 29. august kl. 19.30, i Stamnes bedehus.  
For ungdom frå 6. klasse og oppover.

**FIDES (Vaksdal)**  
Øvingane tek til fredag 19. september kl. 18.00 i Vaksdal kyrkje.  
For ungdom frå 7. klasse og oppover.

**KEY**  
Leiaren for KEY, Norodd Dyrhovden, reiser til Oslo for å gå på Bibelskule til vinteren. Difor er det noko uviss om koret kan halda fram på same måten. Men ein håpar at det kan vera nokon som kan ta på seg ansvaret også i år. KEY har ein særskilt aktiv sommar bak seg, med mykje reising - både i fylket og ein tur til Sørlandet. Dei har og gjort eit forsøk på å spela inn RITA på kassett. Vi får vona at det vert vellukka, slik at den som vil, kan få høyra songen og musikken deira i si eiga stove.

**WEEK-END I FAGERDALEN**  
12.-14. september vert det ungdomsweek-end i Fagerdalen. Alle er velkomne, ikkje berre dei "gode, gamle". Her vil ein planleggja arbeidet for komande vinter.

## **Ein å snakka med**

Vi trur at mange menneske lengtar etter ein å snakka ut med om ting som er vanskelege. Vi som er prestar, har det som ei av våre oppgåver å lytta. Dessutan har vi teigeplikt. Velkommen til samtale!

Helsing prestane

## **Annlaug Sandal til Madagaskar**

For femte gongen har Annlaug Sandal frå Stamnes no reist ut for å ta ein periode som misjonær. Ho er lærar ved den norske skulen i Antsirabé. I eit års tid har ho no vore heime og studert datafag, medan ho òg har reist omkring for Det Norske Misjonsselskap. Ho treng vår forbøn i ei viktig teneste!

## **Jubileumsbok for Stamnes kyrkje**

I samband med kyrkjejubileet på Stamnes vert det utgjevi ei jubileumsbok på ca. 300 sider. Av desse er ca. 140 sider eit opptrykk av jubileumsboka frå 1936.

Mange har allereide tinga boka, og slik førehandstinging er det framleis høve til. På dette viset kan ein få boka vesentleg billegare - for kr. 100. (Og det er lite for ei slik bok.) Full pris for seinare sal er ikkje fastsett.

Boka vert òg ei fin gáve til slike som har flytt herifrå. Kan hende du skulle tinga fleire?

Dersom du vil ha boka, kan du kontakta Marit Merete Lunde eller Sigmund Simmenes, 5290 Stamneshella (tlf. 59 80 98).

Jubileumsboka kjem i september eller oktober.

**KIRKEN SOS**

Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?  
Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00

## Bibeltimar i haust

Res. kap. Norum held nokre bibeltimar utover hausten etter følgjande program:

Eidsland 26. aug. kl.19.00 i sakristiet. Om glede!

Vaksdal kl.19.00 i konfirmantrommet i kyrkja. Om den kristne kyrkjelyden.  
 3. okt.: Eit folk som er annleis.  
 7. okt.: Nådegåvane.  
 14. okt.: Eit fellesskap i kamp, kjærleik og lovesong.

Stamnes, i bedehuset.  
 Om den kristne kyrkjelyden.  
 29. okt.: Eit folk som er ennleis.  
 5. nov.: Nådegåvane.  
 12. nov.: Eit fellesskap i kamp, kjærleik og lovesong.

I alle desse bibeltimane vil vi sjå etter kva bibelen seier om dei ulike tema. Det vert sett av tid kvar gong til spørsmål og samtale etter innleininga til Norum.

KANO



Helga Marie Bjerke, Lone Sun Dalseid og Tina Sundsbakk er klare for patruljeløpet.



## Norges KFUK-Speidere

Ja, vi har mange speidarjenter rundt om på Vaksdal, Dale, Stanghelle og Stamnes. Nokre av oss var på ein gild speidarleir på Tromøya ved Arendal i lag med 5200 andre speidrarar. På denne leiren hadde vi berre godver, i motsetnad til ein del andre store leirar som har vore. Mykje gildt program fekk vi vera med på. Harald og Kristin Solli Schøien heldt spanande bibeltimar. Det var gospelkveld med Rune Larsen, Sørlandskveld og Internasjonalt leirbål for å nemna noko.

Men speidarane reiser ikkje berre på sommarleir. Vi har festlege møter og turar gjennom heile året, og dette vil vi gjerne ha fleire med på. Dersom du har lyst til å vera med, så snakk med nokon du kjenner i speidaren, eller ta kontakt med gruppeleiarane for å høyra kva tid di aldersgruppe har møte.

- 1.-3. klasse - meiser
- 4.-6. klasse - stifinnarar
- 7.-9. klasse - vandrarar

Vaksdal: Gunvor Bjørsvik, telf. 597353  
 Dale, Stanghelle og Stamnes:  
 Reidun Takvam, telf. 596133

Vel møtt, både til nye og gamle speidrarar!

RT

**Har du  
lyst?  
Vi har plass  
til deg!**



FRÅ BREVARKIVET TIL EI HUSMOR I STAMNES

## ORDA VÅRE

(Tiletla kyrkjebladet)

Kor brukar du og eg orda våre? Er dei kjærlige, milde og gode? Eller er dei harde - dømmande og utakknemelge ord i det daglege livet i heim og nabølag, i foreiningar, eller kvar me møter våre medmenneskje?

Songaren seier:

I VÅR OG I VIND - FER TANKELAUST ORD I FRÅ TANKELAUST SINN.  
 MEN HERREN I BOKI HAR SKREVET OG GØYMT DEI ORDI EG MINNES OG DEI EG HEV GLØYMT.

Lat oss ikkje brukar sårande og dømmande ord om våre medmenneskje, men heller tala milde, gode ord om den feilande medvandraren vår. På neste korsveg er det gjerne du eller eg som treng dei milde og kjærlege ord.

Lat all sladder og baktalelse vera bannlyst mellom oss. Då vilde forholdi til vår neste vera so mykje betre. Og so dette vesle ordet med fire bokstavar TAKK. Kva glede og velsigning hev ikkje dette ført med seg. Sola kunne skina ekstra inn i stova ved slike og liknande ord.

Me som er foreldre hugsar so vel fyrste gongen guten eller jente vår prøvde dei fyrste vablandinga orda på tunga si, og den lukka som då ein følte, må opplevast for å skjøna det. Og den som ein fekk dela livet med, var det ikkje dei fine og fagre orda me gjerne tala saman som gjorde livet so uendelig rikt å leva?

"Lær meg å kjenne dine tankar (Gud sine), og øve i å tenke dem". Gud såg at det var viktig å tenkja gode tankar for det vil ofte vera so at det hjarta er fylt av, det flyt munnen over med. Og har du gode tankar, spar ei på milde ord.



forener kristne fra 45 ulike kirker og organisasjoner i Norge

### BE OM AT AKSJONEN:

- FORNYER BIBELBRUKEN I MENIGHETSLIV OG FOR DEN ENKELTE
- GIR NYE BIBELLESERE I NORGE
- GIR ØKT STØTTE TIL BIBELSPREDNING I ANDRE LAND

### STØTT AKSJONEN MED DIN GAVE:

Postgiro: 4 16 65 00  
 Bankgiro: 6034.05.15210

DET NORSKE BIBELSELSKAP  
 Postboks 7062 Homansbyen  
 0306 Oslo 3

tlf. (02) 69 40 44

FOR JEG SKAMMER MEG IKKE OVER EVANGELIET. DET ER EN GUDS KRAFT TIL FRELSE FOR ALLE SOM TROR Rom.1.16



## BARNESIDE

### B I B E L E N !

Eg las ein gong noko som hende på misjonsmarka. Ein av dei innfødde var blitt kristen. No kom det ein nabo som ikkje trudde på Jesus bort til han og spurde: Fekk du noko av misjonæren, då du blei kristen? Ja - svara mannen. Kva fekk du då - 100 kr? Mykje meir, svara den andre. 300 kr. då? Mykje meir, var svaret. Sei meg, kor mykje fekk du? No var naboen spent. Eg fekk meir enn verdien av det fjellet der borte - i gull, sa han og peika på eit høgt fjell. Kva - har du fått så mykje? Naboen fekk nesten sjokk.

No tok mannen fram ei bok. Eg har fått denne av misjonæren.

Kva bok trur du han tok fram? B I B E L E N .

Dette er den største av alle skattar, for her møter eg Jesus, fortalte han til naboen.

Denne mannen hadde oppdaga at Bibelen er den beste av alle bøker. Han hadde blitt kjend med Jesus når han høyrdde frå Bibelen. J E S U S - den beste venn av alle.

Har du oppdaga at Bibelen er ein verdifull skatt?

Kvifor er Bibelen verdifull?

Bibelen er ei Jesusbok.

"Boken om Jesus er boken for meg  
Der møter Gud meg og viser meg vei.  
Bibelen passer for liten og stor,  
alle som vil kan få hjelp av  
Guds ord."



### BIBELTRIM-KONKURRANSE

For at det skal vera lettare for oss å finna fram i Bibelen, er bøkene delt inn i kapittel og kapitla i vers. Her ser du eit eksempel frå RUT, ei av bøkene i GT:

Framfor kvart kapittel slår eit stort tal. Framfor versa står små tal.

Finn fram BIBELEN. For no byrjar konkurransen:  
Slå opp, les verset og skriv ned svaret!

1. Kva fugl står det om i Johs. 1,32? ..... Svar: 1.
2. Kva sjukdom hadde mannen i Luk. 18,35? ..... 2.
3. Kva våpen står det om i Salme 45,4? ..... 3.
4. Mannsnamn i 2. Tess. 3,17? ..... 4.
5. Kva by står det om i Matt. 2,1? ..... 5.
6. Namn på fjell i 2. Mos. 24,16? ..... 6.
7. Kva land står det om i Hebr. 11,27? ..... 7.
8. Kva heiter barnet i 1. Sam. 1,20? ..... 8.
9. Kva oy står det om i Johs. openb. 1,9? ..... 9.
10. Kva namn er brukt på Jesus i Johs. 21,7? ..... 10.

Rut og Boas på treskjewollen  
13 No'omi, vermor hennar Rut, sa til henne: «Eg vil sjå til å finna deg éin heim, dotter mi, så du kan få det godt.» Høyr no, du kjenner Boas, husbonden át dei jentene du var saman med, og ven at han er i slekt med oss. I natt kastar han bygg på treskjewollen. Du skal vaska deg

HÅP!

Dersom du sender inn svarav, blir du med i trekninga om ein præmie.

Svara må vera inne til 20. september

Adressa: Reidun Skurtvert  
5270 Vaksdal



## FOLKEAVRØYTING OM NY EKTESKAPSLOV

Dale, den 14. august 1986

### TRENGS NO!

No i haust skal Stortinget drøfta eit lovframlegg frå ein komite som har arbeidd med reformar av ekteskapslova frå 31. mai 1918. Komiteen har i særleg grad vore oppteken av dei tilhøve som sambuarpar lever under. Korleis skal ein sjå på dette fenomen? Komiteen har teke til orde for at sambuarar skal få dei same rettane i lovverket som ektepar har.

A jamstalla sambuarpar med ektepar, vi neppe gje noka løysing på den trong som dei fleste menneske har for stabilitet og tryggleik i eit parforhold. Det vil gå ut over borna, og folketaket i landet vårt vil minka om ei slik jamstelling mellom ektepar og sambuarar vert vedteken i Stortinget. For sambuarar som sov saman og har seksuell omgang før dei er gift, er lite stabile par. Dei har lett for å gå frå kvarandre med den utryggleik, depresjonar og sår som eit slikt brot medfører.

I avisar Dagen den 19. juni skriv redaktør Finn Jarle Sæle på leiarplass at statistikken syner at det som kjenneteiknar sambuarforholda, er at dei ikkje er stabile. Etter 10 år er det berre 7% av alle sambuarpar som held saman enno. Det syner at slike tilhøve gjev lite av tryggleik for dei små born som veks opp med slike forældre. Statistikken har også vist at slike par ikkje har vilje og evne til å få så mange born som ektepar som lever i livsvarige og stabile ekteskap. Elles fortel leiaren i Dagen at når det gjeld ekteskap er tilhøva heilt annleis. Etter 10 år held enno 92% av alle ektepar saman.

Ekteskapslovkomiteen gjer og framlegg om at gifte folk skal få høve til å gå frå kvarandre på dagen istadenfor etter eit år som lova seier no.

Ei slik lov vil få så vidtfemnande fylgjer for folket vårt at kvar norsk mann og kvinne bør få høve til å avgjera dette i ei folkeavrøysting. Det vil gje ein meir open debatt og gje ei vidare avklaring på kor djupt og alvorleg ei slik sak er. Fleire vil då vakna til ansvar og få høve til å reisa seg mot ei slik lovendring. Den lova vi har no, er betre enn dette framlegget, og den er i større samsvar med Bibelen enn det nye framlegget er.

Kva seier så Bibelen om seksuelt samliv? I 1. Tessalonikarbrev skriv Paulus fylgjande i kapittel 4: "For dette er Guds vilje - dykkar helging: De skal halda dykk frå hor; kvar og ein skal vita å vinna seg ei kona i heilagdom og ære, ikkje i sanseleg lyst som heidningahe, som ikkje kjenner Gud. Og ingen må gjera bror sin urett eller lura han på nokon måte. Herren strafar slikt, som vi før har sagt og lagt dykk på hjarta. For Gud kalla oss ikkje til uréinskap, men til eit heilagt liv."

Den einaste formen for seksuelt samliv som Gud godkjenner og kallar eit heilagt ekteskap, er det som varer heile livet mellom ein mann og ei kvinne.

Men det å krypa til køys og ha samleie med det same utan at ein kjenner kvarandre, kallar altså Guds ord for å leva i sanseleg lyst slik som heidningane. Ja, dei som ikkje ynskjer å gifta seg, men likevel ynskjer å ha samleie med kvarandre, fremjar ein hedensk säd og kultur. Dei er med å øydeleggja god og gammal kristeleg tradisjon og kultur i landet vårt. Om dei og bytar partnar ofte, er det og alvorleg fare for at dei vil få AIDS og andre kjønnsjukdomar. Om du vil motverka at slike

forts. s. 12



KONFIRMANTANE DALE/STANGHELLE 4. mai 1986

Bak: Øyvind Vatle, Bjarte Helle, Morten Sæther Grønsdal, Trond Rødland, Erlend Ragnvaldsen, Åge Sandvik, Odd Kåre Alvheim, Eddie Søvik og Leif Kåre Verpelstad.  
I midten: Elisabeth Gjermo, Helen Eriksen, Siri Stamnes, Mona Grenasberg, Liv Tove Seim, Unni Seim, Wenche Helen Faugstad, Hege Skaftun og Siv Skaftun.  
Framfor: Karianne Lid, Jani Anette Albrightsen, Karin Tysse, sokneprest Meidell, Randi Takvam, Linda Tveterås og Synnøve Lid.



KONFIRMANTANE I NESHEIM 25. mai 1986

Fra venstre Frøydis Gullbrå, Steinar Ekse, res. kap. Norum, Linda Skaftun og Hjørdis Nese.

## Bergsdalsstemna

Det var ikking 60 menneske som var samla i kyrkja på Lid sundag 10. august. Sokneprest Meidell heldt ei engasjerande preik over teksta der Jesus fortel likninga om kven av dei to sönene som gjorde det faren ville. Med bileta på veggen vart bodskapen klar for alle. Ragnhild Straume gledde oss med vakker song både ved gudstenesta og på ettermiddagsmøtet. Tomas Solhaug vart boren til dåpen.

I pausen hygga folk seg med mat, kaffi og dravle, og praten gjekk livleg. Dei yngste og sprekaste var ute og konkurrerte i styltegang, tautrekking og anna moro.

Ved ettermiddagsmøtet talte Odd Alvheim, og det var frie vitnemål. Det var gildt å sjå folk frå dei fleste andre kyrkjelydane våre, og frå nabokommunane.

RT

## VELKOMEN TIL KYRKJE



### 14.sep. - 17.sundag etter pinse

DALE kl.19.00.v/rk.Norum og Leif Nesheim  
nattverd.

NESHEIM kl.11.00. Fam.gudst. v/sp.Meidell  
Utdeling av "Mi kyrkjebok" til 4-åringar  
og Det nye testamentet til 4.-6.klasse

BERGSDALEN kl.11.00. Fam.gudst.v/rk.  
Norum. Utdeling av "Mi kyrkjebok"  
til 4-åringar.

### 21.sep. - 18.sundag etter pinse

STAMNES kl.11.00. 125-årsjubileum for  
Stamnes kyrkje v/prost Østtvit sp.  
Meidell og rk Norum.

EKSINGEDELEN kl.16.00.Fam.gudst. v/sp.  
Meidell. Vigsling av det nye orgelet  
v/prost Østtvit.

### AKSJON N.L.A. 27. og 28. sep.

laurdag 27.sep.

NESHEIM kl.20.00.v/distriktssekretær  
pastor Stein Ove Skadal.Offer til N.L.A.

### 28.sep. - 19.sundag etter pinse.

STANGHELLE BEDEHUS kl.18.30.v/Magne  
Mestad.Offer til N.L.A.

DALE kl.11.00.Fam.gudst.v/ sp.Meidell  
og forskningsstipendiat Asbjørn  
Tveiten. Utdeling av "Mi kyrkjebok"  
til 4-åringar.Offer til N.L.A.

VAKSDAL kl.11.00.v/rk.Norum. nattv.  
50-årskonfirmantfest.

VAKSDAL kl.18.00. v/forskningsstipendiat  
Asbjørn Tveiten. Offer til N.L.A.

STAMNES kl.16.30. Fam.møte v/administra-  
sjonssjef Magne Mestad.Offer til N.L.A.

EIDSLAND kl.17.00.v/pastor Stein Ove  
Skadal. Offer til N.I..A.

EKSINGEDELEN kl.11.00. v/pastor Stein  
Ove Skadal. Offer til N.L.A.

### 5. okt. - 20. sundag etter pinse

STANGHELLE BEDEHUS kl.18.00.v/Norum.  
Nattverd.

EIDSLAND kl.11.00.Fam.gudst.v/Norum.  
konfirmantpresentasjon. Utdeling av  
Det nye testamentet til 4.klasse.

### 12.okt. - 21. sundag etter pinse

DALE kl.11.00. V/rk.Norum.Nattverd

STAMNES kl.17.00. v/sp.Meidell.nattverd

NESHEIM kl.16.00.v/rk.Norum.nattverd

BERGSDALEN kl.11.00.V/sp.Meidell og  
Audun Hjellvik.nattverd.

### 19.okt. - 22.sundag etter pinse

VAKSDAL kl.11.00.v/sp.Meidell.nattverd

EKSINGEDELEN kl.11.00.v/rk.Norum.nattv.

### 26.okt. - Bots- og bededag.

DALE kl.11.00.v/sp.Meidell. nattverd.

## FOLKEAVRØYTING... fra s. 9

farlege sjukdomar skal spreia seg, er det best at du giftar deg og held deg til den eine partnaren din heile livet.

Difor vil eg råda til at alle unge par som er glade i kvarandre og som set så stor pris på kvarandre at de kan tenkja dykk å dela heile livet saman, at de kjem til prestekontoret og bed om vigsel. Ei prøving av ekteskap kostar ikkje noko. Det er berre å fylla ut nokre få skjema. Vigselen i kyrkja er gratis. Om de har därleg råd til bryllaup, kan de og sløyfa bryllaupsfesten og spara alt det de elles måtte ut med til ein slik fest. Før vil-

jen til truskap i eit livsvarig ekteskap gjev større glede og tryggleik enn berre å flytta saman og bu saman utan å vita når tilhøvet sprekk.

Med desse ord vil eg ynskja alle som tenkjer på å gifta seg, lukke til med framtida og dei planar og draumar de har om samliv!

*Inge Christian Meidell.*

## Har du bil?

Ta andre med deg  
når du kører til  
kyrkje!!!



SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.  
Frist for innlevering av stoff  
er 1. oktober.

Tove Margrete

## Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:  
Inge Christian Meidell  
tlf. 596120

Res. kap.:  
Kjell Arne Norum  
tlf. 597088

Hugs, måndagen er presten  
sin fridag!  
Kontorassistenten kan  
treffast på kontoret på  
Dale måndagar kl 18-22  
tlf. 596120

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 45,- (eller meir!)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597201

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597232

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese